

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FE - 144, FA - G00	17/48

Saknr	Utval	Type	Dato
010/2017	Formannskapet	PS	09.02.2017

Melding om oppstart av verksemdsplan for helsetenestene i Masfjorden kommune 2017 - 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune utarbeidar verksemdsplan for helseavdelinga 2017 – 2021. Planen skal utarbeidast etter lover og forskrifter, og vere i tråd med overordna planverk i kommunen. Rådmannen får delegert mynde til å opprette ei administrativ arbeidsgruppe, som skal utarbeide verksemdsplanen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune har ikkje utarbeida verksemdsplanar i helse- og omsorg. Dette har heller ikkje vore behov, fordi avdelingane er små og oversiktlege. Etter samhandlingsreforma, lov om folkehelse og oppgåvemeldinga blir det stadig nye krav og forventingar til helse og omsorgstenestene, noko som medfører at ein i større grad må dokumentere og sikre at tenestene er i tråd med lover og forskrifter. Frå 01.01.17 er også ei ny forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse og omsorgstenestene gjeldande. Denne erstattar internkontrollforskrifta frå 2002.

I kommunedelplan for helse, omsorg og sosial 2014 – 2026 har ein kartlagt og vurdert tenestene i kommunen. I tilhøyrande handlingsplan har ein prioritert mål og tiltak. Gjennom arbeidet har ein vurdert korleis kommunen skal planlegge, organisere, gjennomføre, overvake og korrigere tenestene, slik at dei er i samsvar med krav i lov og forskrifter.

For å følgje opp forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse og omsorgstenestene har rådmannen vurdert at kommunen må utarbeide verksemdsplanar for helse og omsorg. På bakgrunn av kommunedelplan for helse, omsorg og sosial 2014 – 2026 har ein valt å starte opp arbeidet med verksemdsplan for helseavdelinga.

I kommunedelplan for helse og omsorg står det: «*Helsetenesta omfattar i dag legeteneste, psykiatri, helsesøster/ jordmor, hjelpemiddelteneste og fysioterapi. Tenesta består av få personar som skal yte tenester ut i heile organisasjonen. Organiseringa og storleiken av helsetenesta medfører ein del utfordringar, spesielt sidan det er fleire enkeltpersonar som har viktige roller, som vidare kan medføre ei sårbarheit i høve sjukdom, ferie, men og på prioritering og arbeidsbelastning. Det må gjennomførast ei utgreiing i høve organisering av denne tenesta, slik at den er best mogleg effektiv i*

høve tverrfagleg samarbeid og ressursbruk».

Vurdering

Verksemdsplan er ein administrativ plan for korleis tenestene skal organiserast, styrast, planleggast og evaluerast. Dette skal vere ein plan som skal bidra til å sikre at ein planlegg tenestene, slik at ein s at lover og forskrifter blir følgt opp på forsvarleg måte. Planen skal og sei noko om mål for tenestene, prioriteringar og utvikling.

Forskrift for leiing og kvalitetsforbetring i helse og omsorgstenestene slår tydeleg fast at det er toppleiinga som har ansvar for at tenestene planlegg, gjennomfører, evaluerar og korrigerar. Masfjorden kommune skal ha eit styringssystem som er tilpassa vår storleik, eigenart, aktivitet og risikotilhøve. Forskrifta krev dokumentasjon på at plikta til styring blir ivareteken, og denne skal til ei kvar tid være oppdatert og tilgjengeleg. Rådmannen har vurdert at dette kan ein best ivareta gjennom verksemdsplanar. På den måten kan ein og sikre at kommunen ikkje lagar styringssystem som er meir omfattande enn det som er naudsynt, men samtidig sikrar at ein følgjer opp lover og forskrifter. Føremålet med forskrifta er å bidra til fagleg forsvarlege helse- og omsorgstenester, kvalitetsforbetring og pasient – og brukartryggleik, og at krav i helse- og omsorgslovgjevning blir følgt opp.

Avgrensing og føremål med arbeidet:

Verksemdsplan for helseavdelinga skal vere ein underordna plan under kommunedelplan for helse, omsorg og sosial 2014 – 2026.

Målet med verksemdsplan for helseavdelinga:

- Sikre at kommunen har naudsynt dokumentasjon i tenesta som sikrar at kommunen følgjer krav i lover og forskrifter.
- Sikre at kommunen har styring jf. forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenestene.
- Avklare framtidige behov og utfordringar med grunnlag i den demografiske utviklinga i Masfjorden kommune.
- Vurdere korleis ein kan effektivisere tenestene gjennom struktur og teamarbeid
- Gjennom ein handlingsplan skal ein fastleggje mål, tiltak og prioriteringar for utvikling av tenestetilbodet
- Avklare korleis helseavdelinga skal organiserast og styrast

Organisering av planarbeidet:

Verksemdsplan blir utarbeida gjennom ei administrativt arbeidsgruppe utpeika av rådmannen. I utarbeiding av verksemdsplanen skal arbeidsgruppa involvere og informere dei tilsette og tillitsvalte i helseavdelinga. I tillegg må arbeidsgruppa involvere andre tenester, samt informere og inkludere arbeidsmiljøutvalet og brukarrepresentantar som eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Ein verksemdsplan skal ikkje leggast ut på høyring, men handsamast politisk og godkjennast.

Konklusjon

Masfjorden kommune utarbeidar verksemdsplan for helseavdelinga 2017 – 2021. Planen skal utarbeidast etter lover og forskrifter, og vere i tråd med overordna planverk i kommunen. Rådmannen får delegert mynde til å opprette ei administrativ arbeidsgruppe, som skal utarbeide verksemdsplanen.

Formannskapet - 010/2017

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune utarbeidar verksemdsplan for helseavdelinga 2017 – 2021. Planen skal utarbeidast etter lover og forskrifter, og vere i tråd med overordna planverk i kommunen. Rådmannen får delegert mynde til å opprette ei administrativ arbeidsgruppe, som skal utarbeide verksemdsplanen.